

## Bjørnson i songbøkene

Velle Espeland

I 1870 gav Bjørnson ut boka *Digte og Sange*. Tittelen er bokstaveleg meint, for mye av Bjørnsons lyrikk er sangbar, og mange av tekstane hans vart snart sunge. Skolesongbøker og andre songbøker kan fortelje oss noko om populariteten til dei forskjellige songane. Nå er det ikkje alle songar i ei songbok som blir sunge, men når ein song finst i mange songbøker over tid, må det betyr noko.

Songbokredaktørane kan ha mange ulike grunnar for å ta ein song med i utvalet, og ei tekstanalyse åleine kan i alle fall ikkje gje oss nokon klår peikepinn på kvifor denne songen er vald ut. Ein song er alltid ein kombinasjon av tekst og melodi, og ein god melodi kan gjerne løfte ei middelmåtig eller ei beint fram dårleg tekst, mens ein gal melodi kan gjere ei litterært ypparleg tekst til ein parodi av seg sjølv.

For å vurdere ein song, må ein altså analysere både melodien, teksta og i tillegg samspelet mellom dei. Når det gjeld Bjørnsons tekstar blir det ikkje så lett. På 1800-talet var ikkje tekst og melodi så fast som det har blitt i vår tid. Mange samtidige komponistar sette tonar til tekstane hans, ofte vart det fleire tonar til same tekst. Men sidan dei færraste songbøkene hadde noter, blir det vanskeleg å vite kva melodi songbokredaktøren hadde tenkt på. Gjenbruk av kjente melodiar var også svært vanleg og Bjørnson gjorde dette lett ved å bruke velkjente strofeformar, som det var greitt å finne ein melodi til.

”Den norske sjømann er...” kan lett syngast på ”Se Norges blomsterdal”, ”Der gaar et stille Tog...” kan syngjastr på ”Der er et yndigt land”, ”Og reven laa under Birkerod” kan gå på ”Hu hei kor er det vel friskt og lett”. ”Løft dit Hoved du raske Gut” har faktisk vore sunge på melodien til ”Kråkevisa”. Dei fleste av Bjørnsons songar har gjennom tida vore sunge på mange melodiar, og om ikkje anna kan det i alle fall vise det oss at dei har vore brukt.

Når ein går gjennom songbøkene, ser ein snart at Bjørnson har ein stor plass på slutten av 1800-talet og langt utover 1900-talet. Tre skolesongbokredaktørar kom til å dominere på 1900-talet. Det var Mads Berg, Lars Søråas og Edvard Gunneng. I tillegg hadde vi Olaus Alvestads *Norsk songbok*, som var mest brukt i ungdomsskolen og på folkehøgskolane, og dessutan Sven Morens og Karl Seips songbøker som stadig kom i nye opplag. Alle desse kom til å konservere eit repertoar, der Bjørnson hadde sin faste plass, og som heldt seg til heilt opp på 1960-talet. Da hadde det skjedd to viktige ting. Departementet fråsa seg retten til å

godkjenne skolesongbøkene, og skolefaget "song" vart først til "musikk og song" og så til berre "musikk". Dermed fekk songen ein mykje mindre plass i skolen og forlaga satsa ikkje lenger på skolesongbøker.

### **Bjørnsons 20 på topp**

Nasjonalsongen er naturlegvis den songen som er trykt i flest songbøker, men den er ikkje komme inn i konkurranse med andre songar. Den er i eiga klasse.

Dei tekstane av Bjørnson som elles toppar lista, er først og fremst "Jeg vil verge mitt land" og "Den norske sjømann er...". Deretter kjem hakk i hel "Der ligger et Land", "Løft dit hode du raske gutt", "Undre meg på hva jeg får å se" og "Reven lå under birkerot".

I neste gruppe kjem "Herre tag i din sterke hånd", som forresten står svakt i skoleutgåvene, og "Fremad fremad fedres høye hærtag var", "Brede seil over Nordsjø går", "Ingrid Sletten av Sillejord", "Når du vil på fjellesti", "Sangen har en lysning", "En ungdom som er sterk og sunn", "Der går et stille tog", "Så synger vi på vår tur", "Aftenen er stille" og "I skogen smågutten gikk...". Barnesongar som "Killebukken lammet mitt" og "Kom bukken til gutten" står sterkt i skolesongbøkene, men er sjeldnare i "vaksne" songbøker, der står til gjengjeld "Norge, Norge blånende opp..." og "Norrønafolket det vil fare" sterkare enn i skolesongbøkene.

Når vi ser på denne lista kan vi ikkje unngå å bli slått av kor stor plass dei nasjonale songane har. Det er songar som priser folket, historia og norsk natur, og som skal få nordmenn til å bli stolte nettopp av å vere norske. Ein slik dominans er likevel ikkje uventa for skolesongbøkene har frå 1800-talet og gjennom mesteparten av 1900-talet vore redigert med eit slikt formål. Ei anna sak er om dette verkeleg hadde effekt? Eg har spurt ein del av mine jamaldringar om kva Bjørnsonsongar dei kunne hugse, og det var få som nemnte dei patriotiske songane. Sjølv var "Mitt følge" (Jeg kjører frem gjennom strålefryd..) min favoritt i barndommen, men når eg tenkjer tilbake, slår det meg at eg forsto lite av teksten. Det var bildet songen laga i hovudet mitt som var fascinerande og det var gåtefullt og litt skremmande. Grunnlaget var verselinjene "Godt mot! Du hilste på fler enn meg, skjønt du i skyningen så det ei". "Skyningen" var eit ord eg ikkje kjente, men eg assosierte det med skumring, -- rundt songaren var det ein flokk med usynlege, overnaturlige skapningar der inne i tussmørke. Når eg nå som vaksen les teksten, ser eg at det er ei hylling til heimen, men eg synest framleis teksten er gåtefull og uklår. Det er bilda som gjer songen fin, og framleis er det barndomsbilda som kjem fram att.

Sjølv om songen har fått mindre plass i skolen, har det også komme ut nokre skolesongbøker dei siste tiåra, men nå er dei patriotiske songane stort sett borte. Bjørnson har likevel fått plass med songar som "Ingrid Sletten av Sillejord", "Nu takk for alt i frå vi var små", "Og reven lå under birkerot" og "Løft ditt hoved du raske gut".

### **Ein parodi**

Skoleelevar liker godt å vri og vrenge på songtekstar, og slik parodiering er også eit teikn på popularitet. Her er ein parodi over "Over de høie Fjelde". Den skal skrive seg frå folkehøgskoleelevar på Vestlandet:

*Undrer meg på hva jeg får å se  
Over det høye gjerdet?  
Øyet møter nok koks og ved.  
Rundt omkring står det pæretre,  
ville så gjerne over; -  
Tro om vakthunden sover?*